



MELAND KOMMUNE

J.nr. 09/5656  
Ark. 211  
Sak 09/1440-1

## RETNINGSLINER FOR ARBEIDET I BASISTEAM I BARNEHAGE.

### FØREMÅL:

1. Basisteamet skal ha eit sakshandsamingsføremål som går ut på at problemet skal belyst. Få avklart kven som har ansvar for kva og koordinere tiltak og løysingar.
2. Basisteamet skal ha eit konsultasjonsføremål som går ut på å gje hjelp til hjelpar. Det er hjelparen sitt problem overfor den som treng hjelp som står i fokus. Hjelpa skal rettast inn mot kva hjelparen kan gjere annleis for å få ein betre situasjon.
3. Basisteamet skal ikkje ha sjølvstendig dokumentasjonsansvar. Den som tek opp ei sak, har sjølv ansvar for å dokumentere og ajourhalde arkiv.
4. Som deltakar i basisteamet kan ein ikkje gå utover dei fullmaktene som ein har frå sin etat.

### REGLAR:

1. Gjensidig respekt for ulikt syn.
2. Teieplikt innafor gruppa.
3. Alle forpliktar seg til å møte på alle møta.
4. Det skal lagast møteplan.
5. Basisteamet skal møtast på Meland rådhus 2 g. kvart halvår.  
Møte har ei tidsramme på 1 ½ time.
6. Utanom dei faste medlemmane skal dei som saka gjeld ha høve til å vere med på møtet.
7. Alle deltakarane i basisteamet kan melde saker. Når ei sak skal "handsamast" skal det hentast inn informert samtykke. Det er likevel høve til å drøfte saker anonymt.
8. Foreldre skal bli informert om basistemet ved starten av barnehageåret.
9. Møteplan gjeld som innkalling til møta.

## SAMTYKKESKJEMA

Det tverrfaglege basisteamet i barnehagen er samansett av:

- skulehelsetenesta v/ helsesøster
- barneverntenesta v/ barnevernkonsulent
- PPT Nordhordland v/ psykolog
- Barnehagen v/ dagleg leiar/styrar

Vi har i dag fått orientering om basisteamet i .....barnehage. Vi har også blitt orientert om vår rett til å vere med på møter i basisteamet.

Vi samtykkjer med dette at vårt barn:

.....  
Namn Fødd

kan takast opp til drøfting av medlemmane i basisteamet uten hinder av teleplikta.

Vi ønskjer å vere med på dette møtet: .....  
Ja Nei

.....  
Dato

.....  
Foreldre/ føresette Foreldre/ føresette